

Styremøte Sunnfjord kulturråd

18.03.24 kl 19.00

Referat:

Informasjon:

- det er innvilga kr. 150.000 frå Fylkeskommunen til den i plan for Kultur, frivillighet og integrering (sjå sak 3.) nevnte frivillighetspolitiske plattformen som skal utarbeides (s.7 i planen).
- det er innvilga tilskot på kr. 900.000 frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane til etablering av ungdomsklubb og dansesal i tidlegare verkstadslokaler til Teater Vestland i Førdehuset. (ikkje til drift eller bygningar men til utstyr som går direkte til ungdomsaktivitetane).

Informasjon:

1. **Sommarakademi i Jølstra-huset**, Vassenden i Jølster.
Astrid Wittersø deltok i denne saken saman med Kari Eikås.
Forprosjekt Jølstrahuset har fått tilskot på 250.000 kr frå kulturdirektoratet. Janne Karin Støylen har skreiv søknad i samarbeid med Astrid og Kari.

Sommarakademi: Sunnfjord kommune har stilt krav om å få til ein prosjektskisse seinast 1.1.2025. Det vert planlagt sommarakademi for lærarar og andre interesserte. I Jølstrahuset er det ein stor grafikkpresse og mykje anna godt utstyr, mellom anna for tekstilkunst. Det vil bli brukt under akademiet.

Det er gjort avtalar med følgjande lærarkrafter: Grafikk – Karen Helga Maurstig. Trearbeid: Leiv Sølvsberg. Tekstil: Kari Eikås og Astrid Wittersø.

Akademiet vil bli marknadsført m.a. gjennom utdanningsforbundet og Grafill – Norsk organisasjon for visuell kommunikasjon. Kurset vil vere i perioden 15. – 18. august 2024. Det vert søkt om samarbeid med Vassenden 25 ved Jostein Kjøsnes.

2. Sak frå Sunnfjord kunstlag: Sommarkunst-/kulturskule, sjå vedlegg
Vedtak: Sunnfjord kulturråd vil søke om økonomisk støtte til Dans og kunsttilbod som eit prøveprosjekt i 2024. Målet er å gjennomføre eit sommerkurs 12-16. august 2024. Sunnfjord kulturråd setter ned ein arbeidsgruppe for å lage prosjektbeskrivelse og planlegge sommerkurset. Arbeidsgruppe: Johan, Kirsten, Eva Marie. Svein Inge sender inn søknaden på vegne av Sunnfjord kulturråd.

3. Handsaming av handlingsplan i Plan for kultur, frivillighet og integrering, side 5-7 i vedlegg. Planen er nesten ferdig, Sunnfjord kulturråd har alt vore med i to høyringsrunder. No ba Sunnfjord kommune om innspel på handlingsplanen og prioriteringane der. Anita Nordheim og Catrine Vagstad medverka. Anita gjekk igjennom handlingsplanen. Innspel frå Sunnfjord kulturråd:

Innspel til 1. Ny symjehall og utvikling av Førdehuset

Folkeverkstad: kven skal drifte? Viktig at frivillige blir tekne med, at tiltaket kjem i gong og at det er ope for alle i alle aldrar!

Utstillingssalen i Førdehuset – treng oppgradering og nye utstillingsveggar

Anita og Johan opplyste om at Utstillingssalen er ein del av prosjektet: Sentralhall med kiosk og kafé, og at det ikkje er finansiert enda, men det eksisterer eit forprosjekt.

Innspel til under 2. Førebyggjande arbeid: Frå kommuneplanen sin samfunnsdel: Lågterskel møteplassar som inkluderer alle – Leve heile livet!

Innspel til under 6. Kulturmiljøarbeid i Sunnfjord kommune: Endre teksten slik:

Auka kunnskapen og identitetskjensla om kulturminneverdiane blant innbyggjarane. Ta vare på, sikre og synleggjere viktige kulturminne **utøvande kulturuttrykk**, og kulturmiljø

Slik gjer vi det:

Nytt punkt:

- **Styrke den immaterielle kulturarven, som dans, håndverk, kunst og musikk.**

Dette punktet meiner kulturrådet er viktig å få med, fordi det seier noko om dei aktive utøvande kulturuttrykka som er til stade i Sunnfjord kommune i dag.

4. Val av medlem for musikk i 17. mai komiteen.

Vedtak: Unni Kriken blei valgt, 2024-2025

5. Årsmøte 2024, sjå vedtekter, vedlagt.

Vedtak: Årsmøte måndag 13. mai kl 18:30 i Utstillingssalen, frist for saker 29. april. Svein Inge, Kirsten og Leon lager årsmelding og rekneskap. Johan sender ut innkalling med påminning om kontingent (150 kr for enkeltmedlem og 300 kr for lag og organisasjonar.)

6. Samarbeidsavtale mellom Sunnfjord kommune og Sunnfjord kulturråd datert 07.10.2021. Sak frå Eva Marie Halvorsen:

Hvor står saken angående evalueringen som skal gjøres etter 2 år? Se punkt 2 i avtalen.

Hvordan få til at mandatet i avtalen blir operasjonalisert og effektivt? Det kan virke som om at hverken politikerne, administrasjonen og Sunnfjord kulturråd følger intensjonen og de konkretiseringene av arbeidsoppgaver som er lagt til rådet?

Vedtak: Sunnfjord kulturråd ber om møte med kommunalsjef Anita Nordheim der avtalen blir evaluert.

7. Sak frå Eva Marie Halvorsen: **Tilbudsstrukturen i de videregående skolene i Vestland Fylkeskommune.**

«I et høringsforslag om tilbudsstrukturen i de videregående skoler i Vestland fylkeskommune er det foreslått store endringer. Ved Førde Vgs. er det foreslått å kutte tilbudet i kunst, design og arkitektur, samt medium og kommunikasjon.

Jeg ønsker at Sunnfjord kulturråd engasjerer seg i denne saken.»

Saka blei drøfta og følgjande vedtak blei gjort:

Vedtak: Sunnfjord kulturråd gir uttale om at tilboda om Kunst, Design og Arkitektur og Media og kommunikasjon vert beholdt ved Førde vidaregåande skule. Elevane

ved den nordre del av Vestland fylke treng tilbodet. Eva Marie og Kari skriv høyringssvar frå Sunnfjord kulturråd og sender ut til styret for innspel, før det vert sendt til Fylkeskommunen.

8. Neste Styremøte torsdag 25. april kl. 19.00 i Musikkrommet, Førdehuset

Referent Johan Bengtsson
20.03.2024